


Overordna avtale

**Samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune,
tannhelsetenesta og kommunane i Hordaland
kommunale helse- og sosialtenester**

BØMLO KOMMUNE Sentralarkiv	
J.nr.: 2008/511	Arkiv:
10 APR. 2013	
Saksbeh: SOS	Kopi:



”Tenner for livet”

Avtalen er utarbeid i samarbeid mellom



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



**TANNHELSE
ROGALAND FKF**



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

1. Innleiing

Lover og regelverk

Lov om tannhelsetjenesten. LOV-1983-06-03-54

Den offentlege tannhelsetenesta skal organisera førebyggjande tiltak for heile befolkninga. Den skal gje eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til:

§ 1-3, 1. ledd bokstav

- a. Barn og ungdom fra fødsel til og med det året de fyller 18 år.
- b. Psykisk utviklingshemmede i og utenfor institusjon
- c. Grupper av eldre, langtidssyke og uføre i institusjon og hjemmesykepleie.
- d. Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret.
- e. Andre grupper som fylkeskommunen har vedtatt å prioritere.

§ 2-1 Alle nemnt i i § 1-3 har rett til nødvendig tannhelsehjelp i den fylkeskommune der de bor eller midlertidig oppholder seg.

Førebyggjande tiltak skal prioriterast framfor behandling.

I tillegg til dei prioriterte oppgåvene kan Den offentlege tannhelsetenesta yte tenester til vaksne betalande klientell slik fylkeskommunen vedtek.

Med heimel i tannhelsetenestelova § 6-5 har Helse- og omsorgsdepartementet bestemt at fylkeskommunen skal setta i verk tannhelsetilbod til rusmisbrukarar.

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. LOV-2011-06-24-30

§ 1-1 Lovens formål

§ 1-2 Lovens virkeområde

§ 2-1 Forholdet til helsepersonelloven

§ 3-1 Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester

§ 3-2 Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester

§ 3-3 Helsefremmende og førebyggjande arbeid

§ 3-4 Kommunens plikt til samhandling og samarbeid

§ 4-1 Forsvarlighet.

Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. LOV-1984-03-30-15

§ 3 Plikt til å opprette internkontrollsystem og tilsyn med at det føres internkontroll.

Lov om folkehelsearbeid. LOV 2011-06-24 nr 29

Kap. 2 Kommunens ansvar

Kap. 4 Fylkeskommunens ansvar

2. Bakgrunn og referansar

2.1 Bakgrunn

Det er i dag inngått avtale mellom *Bømbo*.....kommune og tannhelse-tenesta i Hordaland, Hordaland fylkeskommune. Avtalen legg til rette for helsefremmande og førebyggjande samarbeid og samhandling til beste for innbyggjarane i kommunen med særskilt fokus på brukarar som mottek hjelp etter tannhelsetenestelova. Gjennom avtalen skal partane saman arbeide aktivt for å utjamne sosiale helseskilnader og fremma folkehelsa.

For å kunne gjennomføra tiltak som vil fremja både den generelle helsa og tannhelsa, trengst det ei heilskapleg tilnærming i arbeidet. Dette føreset eit samarbeid med samfunnssektorar /helsesektorar i den enkelte kommune.

I Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.§ 1-1 nummer 5 står det at formål med lova er å sikre samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasient og brukar, samt sikre at tilbodet er tilpassa den enkelte sitt behov.

Vidare i § 3-1 fyrste ledd står det at kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen blir tilbudt nødvendige helse- og omsorgstenester. § 3-4, pålegg kommunane ei plikt til samhandling og samarbeid. M.a. skal kommunen samarbeide med fylkeskommune, regionalt føretak og stat sånn at helsetenestene i landet best mogleg kan verke som ei eining.

Kommunehelsetenesta og den fylkeskommunale tannhelsetenesta har ulik organisering og er forankra på ulike forvaltningsnivå. For å kunne ivareta lovkrav og helsepolitiske mål, er forpliktande samarbeid mellom forvaltningsnivåa naudsynt. Eit godt tilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunale og kommunale tenester. Samarbeidet kan best sikrast gjennom skriftlege avtalar mellom partane, der ansvar og oppgåver er tydeleg fordelt og definert.

3. Samhandlingsmodellar

3.1 Visjon

Partane er einige om følgjande visjon for samarbeidet:

- 1. **Pasienten/brukaren sitt behov skal vere styrande for samarbeidet.**
- 1. **Kulturen i samhandlinga skal vere prega av eit ønskje om kontinuerleg forbetring av tannhelsetilbodet og folkehelsearbeidet generelt**

3.2 Målet er at vi i samarbeid bidrar til:

- 1. **Effektiv og kvalitativ god behandling der nødvendige tiltak blir gjeve til rett tid og stad.**
- 1. **Beste mogleg ressursutnytting.**
- 1. **Gode modellar for samhandling.**
- 1. **Arenaer for erfaringsutveksling.**
- 1. **Kontinuerleg kunnskapsutveksling.**

3.3 Føresetnader

Partane er einige om at samarbeidet byggjer på følgjande føresetnader:

- 1. **Samarbeidet er forankra i toppleiinga.**
- 1. **Felles forståing av partanes rolle, kompetanse og dermed bidrag til samhandlinga.**
- 1. **Partane skal vere kjent med og engasjert i oppnåing av visjon og mål.**
- 1. **Løysningar skal utviklast i fellesskap.**

3.4 Strategi

Partane er einige om følgjande strategi for samarbeidet:

- 1. **Utvikla og implementera samhandlingsmodellar for ulike brukargrupper.**
- 1. **Systematisk dokumentasjon av utfordringane og resultat.**
- 1. **Vidareutvikling av kompetanse for samhandling mellom kommunane og tannhelsetenesta.**
- 1. **Etablera møteplassar og setta av tid til å dela idear og erfaringar.**
- 1. **Etablera eit aktivt samarbeid med brukarrepresentantane.**
- 1. **Målretta kompetanseutvikling og kompetanseheving.**
- 1. **Synleggjera resultat og dela erfaringane med andre, både internt og eksternt.**

3.5 Områder for samhandling

Partane vil arbeida for at følgjande samarbeidsavtalar blir etablert og fulgt opp:

- ☐ **Overbyggjande avtale med toppleinga i kommunen**
- ☐ Helsestasjon og skulehelseteneste
- ☐ Tenester for psykisk utviklingshemma
- ☐ Institusjon og heimesjukepleie
- ☐ Kommunal rusomsorg
- ☐ Psykisk helseteneste
- ☐ Barnevern

4. Overordna ansvar og organisering

4.1 Ansvarsfordeling

Tannhelsetenesta i Hordaland har eit "fylgje med ansvar" for tannhelsa i fylket. I det ligg at tannhelsetenesta skal tilby opplæring/ rådgjeving av helsepersonell slik at desse kan ivareta tannhelsetilbodet til prioriterte grupper og rusklientar på best mogleg vis.

Kommunane har ansvaret for tilrettelegging og samarbeid med fylkeskommunen slik at helsetenestene kan virka som ei eining.

5. Økonomi

Partane dekkjer sjølv utgifter i forbindelse med denne avtalen.

6. Oppseiing

Avtalelengda er 1 - eitt – år frå siste signatur, og den blir automatisk forlenga med eitt år om gongen med mindre anna er skriftleg meddelt.

Avtale tilpassing

Denne sida kan nyttast dersom ein ynskjer endringar eller tilpassingar i avtalen.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Avtalen må reviderast ved endring i lovverket, organisering og anna som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen blir automatisk forlenga med eit år om gongen med mindre anna er skriftleg meddelt og skal gjelda fram til ny avtale blir utarbeidd og teken i bruk.

For: BØMLO kommune

For: Tannhelsetenesta i Hordaland

Dato: 02.04.2013

Dato: 09.04.2013



BØMLO KOMMUNE
Rådmannen
5430 Bremnes

[Handwritten signature]
Rådmann

[Handwritten signature]
Fylkestannlege/overtannlege





**HORDALAND
FYLKESKommUNE**

Den offentlege tannhelsetenesta